



HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2280
Klubbnr. 12713



Månedsbrev for jul.-aug. 2009.

Årgang 45

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Oddvar Haugen
Visepres: Vigdis Riise
Sekretær: Trygve Riise
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres: Johan Ole Brandal
Styremedlem: Magnar Hatløy
Styremedlem: Anders Riise
Ansv.red.: Håvard Myrene
Referent: Hallkjell Dahle

Fødselsdagar i Juli/ august

Jarle Kristiansen	09. juli
Otto Holstad	13. juli
Karin Holstad	28. juli
Magnar Hatløy	30. juli
Arne Aschehoug	05. august
Einar Holm	12. august
Odd Arne Holstad	13. august
Håkon Brekke	27. august

Frammøteprosent i juli: 33,1 %

Frammøteprosent i august: 57 %

En Sommersang

Fagre Dal, lyse Sommer!
Her er Marken fuld af Blommer,
Fjorden bringer Kjølning her;
Duft og Løv til Lunden vinke,
I hvis grønne Hvælvning blinke
Straaleglimt som Stjerners Hær.

Fandt jeg Dig skjult herinde,
Du mit Hjertes Tryllerinde,
Da blev Dagen dobbelt smuk;
Og da vilde Birkens Grene
Ei som nu, mens jeg er ene,
Hviske i mit Ly et Suk.

Blomsterduft, liflig Sommer,
Vift, som mildt fra Bølgen kommer,
Gyder Vemod i min Hu.
Ak, thi af et dunkelt Fjerne
Er Du skjult, min Sol og Stjerne;
I min Drøm kun skinner Du.

Kort referatsamandrag frå Rotarymøta i juli og august.

Tradisjonen tru var juli månad programfri på grunn av ferietid og følgelig lavt frammøte,- faktisk heilt nede i 12 personar på eitt av møta. Etersom feriefråver for mange også strekte seg inn i august vart det nokre programfrie møte også i denne månaden.

På fleire av møta i juli og august fekk vi høyre om opplevingar Rotaryanarar hadde hatt på sine feriereiser rundt om i verda

Møte 6.juli 2009:

Påtroppande president, Oddvar Haugen, presenterte ein del tankar om kva han ville prioritere og korleis han ville bruke si president-tid i Hareid Rotary Klubb. Han presiserte at han i hovudsak vil fylgje ”den gode tradisjon” i klubben.

Møte 13. juli 2009:

Programfritt møte.

Møte 20.juli 2009:

President Oddvar refererte og utdjupa innhaldet av ein e-post han hadde sendt til alle medlemane same dag (20.07.09):

”Gode Rotaryvener.

Past president Johan Ole la opp til ein god måte å sende ut informasjon og påminning på, og den vil eg gjerne føre vidare.

Det nye rotaryåret er no tre veker gammalt, og det er ferietid i juli og litt ut i august reknar eg med, før alle er på plass. Difor sender eg ut denne mailen, slik at alle eg når på denne måten får litt info.

Ferietid pregar frammøtet, men slik vert det når vi har valgt å ikkje "stenge" i ferien. Like greit det, so har vi kontinuitet. Til dei som ikkje har vore på møte siste tida, så er det laga nytt oppsett over komitear for året 2009-2010, ta deg eit når du kjem på møte, og slik eg ser det vil komiteane fungere godt dette året.

Eg har forsøkt å fylgje rotasjonsprinsippet, men ikkje absolutt, då der pågår arbeid i nokre av komiteane som det er viktig å ha kontinuitet i.

For at arbeidet i komiteane skal kome godt igang er syftemåla, eller komiteplanane viktige. Desse ligg i permar som leiarane må levere frå seg til neste leiar i komiteen, og leiarane for året 2008-2009 må ta med desse så snart som råd. Dette er det første arbeidet vi må starte med etter ferien. Ein komite er allereie igang.

Alt arbeid som vert gjort i komiteane er like viktig, men det er ikkje like stor aktivitet i alle. Det er viktig at programkomiteen kjem godt i gang. Gode program gjer det interessant å kome på møte. Det same gjeld komiteen for fest og kameratskap og månedsbrev.

Det vil framleis i juli og byrjinga av august vere programfritt.

Eg startar på ferie 27. juli og vert bortreist i vel 14 dagar.

I denne tida vil Johan Ole leie møtet den 27. juli og Vigdis 3. og 10. august.

Så møtes vi etterkvart alle, til eit nytt og interessant Rotaryår med Distriktsguvernøren sitt motto, Fornyelse, Foryngelse og Forbedring av omdøme.

Mvh Oddvar”

Møtene 27.juli, 3.august og 10.august 2009.

Dette var programfrie møter med betydeleg feriefråver..

Møte 17.august 2009

Framleis programfritt møte, men det vart kort informert om fylgjande:

Ein pandemiplan som Hareid kommune har under utarbeiding. Dei stiller i samband med dette spørsmål til ulike organisasjonar om bistand dersom det skulle bli stort sjukefråver.

Norsk Rotaryårbok og matrikkel for 2009-2011 som var tilgjengelig for medlemane.

Nominering av Guvernørar:

Nominert guvernør for vårt distrikt for perioden 2011-2012 har trekt kandidaturet sitt. Ny prosess i samband med dette er sett i verk som hastesak. Svarfrist er 10. september 2009.

Ny guvernør skal veljast på distriktskonferansen 19.-20. sept. 2009.

Ellers låg det føre Info frå Hareid Idrettslag om klubblokalet.

Møte 24.august 2009

Program for dette møtet var "Busetting av flyktningar i Norge". Foredragshaldar var den utflytta Hareidsdølen, Henrik Hareide, - no busett i Bergen. Han hadde jobba med flyktning- problematikken i fleire år, men hadde no slutta og var tilsett i ei verksemd innan fiskeri.

Han "teikna eit bilete" av innvandring generelt, historisk utvikling, overordna ramer for busetjing av flyktningar og eit kort situasjonsbilete pr. 31.07.2009.

Innvandrarane utgjer ca.10,6% av befolkninga, i Norge- i alt 508 000 personar. 85 500 av desse er fødte i Norge av foreldre fødd i utlandet. Det bur innvandrarar i alle kommunene i landet,- og 152 000 (ca 26%) bor i Oslo.

Av dei største innvandrargruppene pr.01.01.09 er Polen klart nr.1, Sverige nr. 3, Tyskland nr.6 og Danmark nr.8. Dette gjeld arbeidsinnvandring som har auka mykje dei siste åra. På statistikken er ellers Pakistan nr. 2, Irak nr.4, Somalia nr 5 og Vietnam nr.7. Dette er vel dei meir "tradisjonelle" flyktningane som iflg verdserklæringa om menneskerettar av 1948 kan søkje asyl mot forfølgjing.

St.meld.nr 17 av 1994/ 95 beskriv ein nasjonal busettingsdugnad og frykt for "ghettofisering" i dei større byane i landet. Alle kommuner vart bedne om å busette flyktningar. Spreidd busetting førte etter kvart til mykje flytting,- og då særskilt til sentrale strok og primært Oslo.

St.meld. nr.49 av 2003/ 04. Introduksjon og langsiktig integrering: Denne gir alle flyktningar plikt til å ta del i eit toårig introduksjonsprogram med årslønn på 2G. Manglande deltaking i arbeidslivet medførte styrka fokus på arbeidsretta busetting.

1.januar 2006. Etablert Integrerings- og mangfaldsdirektoratet. Hovudkontor i Oslo Busettingsarbeidet er koordinert frå Bergen. MDI jobbar for integrering gjennom busetting, introduksjonsprogram, norskopplæring og samfunnskunnskap, tolk, mangfaldsarbeid og dialog samt likeverdige offentlege tenester.

Etableringstilskot vaksne: 1.år kr 143 500, 2.år 142 000, 3.år 126 000, 4.år 75 000 og 5.år kr.70 000. I alt kr.556 500. Born i alt kr.536 500. Diverse ekstra tilskott finst også, m.a. særskilt tilskot for norskundervisning, kr 98 430 pr.person fordelt over 5 år! Målet er rask og god busetting (som er eit komplekst begrep) og god integrering...

Maktar innvandringspolitikken å sikre norske interesser? Burde vi ha innført innvandrings-stopp? Kva med tilfelle som Mullah Krekar? utfordringar: Volumet av einslege flyktningar, identitetslause flyktningar og ikkje reelle flyktningar.

Det kom også fram av foredraget at i Norge har det vore rimelig enkelt samanlikna med andre europeiske land å få statsborgarskap...

Møte 31.august 2009

Programfritt møte.

Det vart informert om endringar angående valg av distriktsguvernør for perioden 2011-2012. "Vår mann", John Stennes, er forespurt om å ta vervet. Etter "modning" av saka sidan møtet den 17.august er det klart at John stiller seg disponibel som kandidat,- og like klart er det at Hareid Rotary stiller seg heilhjarta bak John sitt kandidatur.

Ellers var det gruppemøte i fleire av komiteane for å få på plass årsplanane

Tradisjonen tru var det sett fram kaker og kaffi,- og praten gjekk fritt rundt borda.